

Møteprotokoll

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 19.05.2010

Møtetid:

Kl. 15.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

004/10 - 005/10

Følgjande medl. møte		Følgjande varamedl. møtte	
Jannicke Waage			
Harald Hagen			
Øystein Østervold			
Bjørn Inge Halstensen			
Vivi Haraldseid			

Forfall meldt frå følgj. varamedl		

Møteleiar:	Jannicke Waage
Frå adm. møtte:	Konst. helse- og sosialsjef Linn-Beathe Suphammer
Utlevert i møtet:	
Merknader	Ingen
Innkalling.	Ingen

Underskrifter:

Jannicke Waage

Øystein Østervold

Vivi Haraldseid

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
004/10	Møtebok for menneske med nedsett funksjonsevne 22.04.2010
005/10	Politisk kvarter - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

004/10: Møtebok for menneske med nedsett funksjonsevne 22.04.2010

Vedtak:

Møteboka frå møte 22.04.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka

005/10: Politisk kvarter - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming i møtet:

Politisk kvarter:

Saka om reduksjon i helsesystemtenesta vart diskutert. Rådet ynskjer tilbakemelding om kor mykje ressursar som vil bli nytta på Austevoll ungdomskule.

Svar: 10% stilling per veke vil bli nytta på Austevoll ungdomskule.

Det vart stilt spørsmål ved kva tid garderobane på Austevoll ungdomskule vil vere ferdig.

Svar: Garderobane vil vere ferdig innan 01.08.2010.

Leiar i rådet stilte spørsmål ved om andre representantar enn dei som sit i rådet kan stille på møter om t.d. utbygging. Dette for å sikre at representant som stiller har nok kompetanse til å gjere dei beste vurderingar.

Svar: Administrasjonen har undersøkt dette og det er semje om at dette vil vere ein fordel. Leiar i rådet avgjer til ei kvar tid kven som skal stille i slik møteverksemd.

Helse og sosialrådgjevar har undersøkt med rådmannen om rådet kan utvidast med ein frå administrasjonen, leiar i Eidsbøen bufellesskap.

Svar: Dette let seg gjere. Leiar i Eidsbøen bufellesskap kan bidra med opplysningar, men ikkje vere med og stemme.

Det vart stilt spørsmål ved symjetilbod til personer med utviklingshemming. Dette vil ikkje vere vaksenopplæringa sitt område frå hausten 2010. Rådet ber administrasjonen legge fram ynskje til Liv og Lyst om symjetilbod til denne gruppa.

Administrasjonen informerte om at avlastning på Stolmen Gjestegard vil opne 10. juli 2010. Fram til 31.12.2010 kjøper Austevoll kommune avlastning to helger per månad.

Rådet ynskjer å informere kommunestyret om konsekvenser av vedtak i budsjettsamanheng. Dei kjem tilbake til dette dersom det vert aktuelt når budsjettarbeidet startar.

-005/10 Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

